

# Møteinkalling

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Aktiv Fritid, Rullestad

**Dato:** 28.11.2017

**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 40904341. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: [www.miljovedtaksregisteret.no](http://www.miljovedtaksregisteret.no).

For dei som skal sende reiserekning sjå:

**Selvbetjeningsportal for mottaker av honorar**

<https://dfo.no/Kundesider/Lonnstjenester/Selvbetjenning/Selvbetjeningsportal/>

## Saksliste

| <b>Utvalgs-<br/>saksnr</b> | <b>Innhold</b>  | <b>Arkiv-<br/>saksnr</b> |
|----------------------------|---|--------------------------|
| ST 19/17                   | Godkjenning av innkalling og dagsorden  |                          |
| ST 20/17                   | Underskrift av protokoll frå førre møte   |                          |
| ST 21/17                   | Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Organisert ferdsel - Ski & sail Rosendal  | 2017/7682                |
| ST 22/17                   | Framlegg - Installering og drift av fastmontert kamera ved Bondhusbreen - GeoMonitor og UIB - Folgefonna nasjonalpark                                 | 2017/13918               |
| ST 23/17                   | Status tiltaksmidlar - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017  | 2017/3249                |
| ST 24/17                   | Bestillingsdialog for tiltak i verneområde 2018 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017   | 2017/3249                |
| ST 25/17                   | Søknad om midlar til drift av styret - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017  | 2017/3249                |
| ST 26/17                   | Møteplan 2018 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017   | 2017/3249                |
| DS 24/17                   | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Bruk av helikopter til transport av materialer og verktøy - Bu/stølshus i Lundal                          | 2017/5711                |
| DS 25/17                   | Delegert vedtak - Motorferdsel med helikopter i samband med ombygging av stølshus - Vierdal - Folgefonna nasjonalpark                                 | 2017/7701                |
| DS 26/17                   | Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport til Fonnabu og Breidablikk turisthytter                                  | 2017/6953                |
| DS 27/17                   | Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Buerdalen - Godkjenning av tiltak fra Buer til Buarbreen   | 2017/7342                |
| DS 28/17                   | Delegert vedtak - Kvinnherad - Landingsløyve for helikopter - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna Opp                                       | 2017/9148                |
| DS 29/17                   | Delegert vedtak - Motorferdsel med helikopter i Folgefonna og Buer - forskning - Norges geologiske undersøkelser                                      | 2017/7663                |
| DS 30/17                   | Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel for befaring i samband med filminnspilling - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre | 2017/6043                |
| DS 31/17                   | Framlegg til AU - Søknad om å køyre med bil til Bondhusvatnet - Bondhusdalen landskapsvernområde - Møteplassen Aksen                                  | 2017/7004                |
| DS 32/17                   | Løyve - Folgefonna nasjonalpark - Holmaskjer - Motorferdsel - Helikopterløyve - Odda Ullensvang turlag  | 2017/6350                |

**ST 19/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 20/17 Underskrift av protokoll frå førre møte**

Arkivsaksnr: 2017/7682-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 26.07.2017

| <b>Utval</b>                 | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
|------------------------------|------------------|-----------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 21/17            | 27.11.2017      |

## **Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Organisert ferdsel - Ski & sail Rosendal**

### **Tilråding frå forvaltar**

Ski&Sail Rosendal 2018 får løyve til organisert turverksemd for toppturar på ski etter § 3, punkt 5.2 i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark og § 3, punkt 4.2 i verneforskriftene for Hattebergsdalen, Ænesdalen, Bondhusdalen og Buer landskapsvernområde.

### **Vilkår**

- Løyvet gjeld for inntil 130 deltagarar inkludert guidar.
- Løyvet gjeld i perioden 25.-29. april 2018
- Arrangør og vegglearar må gjere seg kjent med vernereglane og retningslinene i forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda rundt.
- Deltakarane må gjerast medvitne om at dei oppheld seg i verna område og at det er viktig med sporlaus ferdsel.
- Arrangør må forsikre seg om at alt søppel vert frakta ut av verneområda, og levert på godkjent plass.

### **Søknaden**

I samband med Ski & Sail Rosendal 2018 arrangerer Hardanger åtgau og ekstremsportveko toppturar til forskjellige destinasjonar rundt Rosendal, der nokre vil vere innafor Folgefonna nasjonalpark. Fokuset på trygg ferdsel er fremste prioritet. Gode opplevingar vert også trygga av gode løysingar med omsyn til logistikk. Me er klare over innslagspunktet for organisert ferdsel på 50 personar. Totalt hyser skipet 120 personar som me fordeler på ulike turmål etter ynskje og dei lokale tilhøva. Den endelege fordelinga vil vera klar under toktet og baserer seg på vér og føre. På guida turar og kurs (topptur, skisegling, kiting, brevandring) nyttar me godkjende tenestetilbydarar (Bre og fjell, Northern Exposure, Folgefoni Breførarlag, Skikite.com).

## Naturmangfaldlova og verneforskrift

Søknaden gjeld ferdsel som kan gå inn i Vern av Folgefonna nasjonalpark og dei fire landskapsvernområda rundt er fastsett i forskrifter vedteke 29.4.2005. Føremålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og tilnærma urørt vestlandslandskap. I alle forskriftene er det stadfesta at ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Vidare gjeld desse reglane for ferdsel:

### § 3 for Folgefonna nasjonalpark

(...) 5. Ferdsel

5.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.

5.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdsselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 5.

### § 3 for landskapsvernområda

(..) 4. Ferdsel

4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdsselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 7.

Frå forvaltingsplanen:

«Det som i dag går føre seg av organisert turverksem i Folgefonområdet er etter alt å døme sannsynlegvis ikkje i strid med verneføremålet. Forvaltningsstyresmakta vil likevel følgje med på utviklinga, og vurdere om det kan vere grunnlag for nærmare retningsliner for slik verksem i samband med rullering av forvaltningsplanen. Det vil på sikt verte laga bevaringsmål for friluftslivet i nasjonalparken.

### Organisert turverksem

**Ein aktivitet vert rekna som organisert når han krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltagarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking. Ofte dreiar dette seg om aktivitet i regi av turlag eller reiselivsaktørar.**

Det er ikkje forbod mot organisert turverksem til fots i nasjonalparken, så lenge dette føregår på ein slik måte og av eit slikt omfang at naturmiljøet ikkje vert skadelidande, jf. pkt. 5.2 i vernereglane. Annan organisert ferdsel og ferdsselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltningsstyresmakta og grunneigarar.»

### Vurdering av saka

Føremålet med vern av Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på eit stort område med urørt natur med eit variert landskap med store naturverdiar. Samtidig er det ein del av føremålet at alle menneske skal ha høve til å oppleve naturen her gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Både i nasjonalparken og i landskapsvernområda er organisert turverksem til fots tillate. Det er opna for å kunne søke om løyve til å arrangere annan organisert ferdsel

og andre ferdsselsformer som kan skade naturmiljøet. Forvaltingsplanen har ein nærmare definisjon av kva som reknast som organisert ferdsl.

Slik forvaltar ser det er toppturar med ski heilt i grenseland for kva som trengs å søkast om. Sidan toppturar med ski ofte går utanfor etablerte stiar og på barmark om det er lite snø vel vi å handsame søknaden, sidan dette er ferdsl som kan skade naturmiljøet. Det er viktig at slitasjen på terrenget vert så lite som mogleg og at ein i størst mogleg grad følgjer etablerte stiar.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert særskilte artar eller naturtypar som kan ta skade av ferdsla denne tida av året (databasane er sist sjekka 04.09.2017). Hekkande fuglar kan verte forstyrra av ferdelsen. Vi veit ikkje om sårbare artar som har hekking nær toppturlokalitetane i dag. Om vi skulle få informasjon seinare vil vi informere nærmare om kva område som skjermast for aktivitet.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9, 11 og 12 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

Nasjonalparkstyret oppfordrar alle tiltak som går føre seg på fast basis over fleire år om å søkje om fleirårige løyve. Fleirårige løyve skal følgje styreperioden. Det er difor høve til å søkje for ein 4 års periode.

Arkivsaksnr: 2017/13918-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 16.11.2017

| <b>Utval</b>                 | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
|------------------------------|------------------|-----------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 22/17            | 27.11.2017      |

## **Framlegg - Installering og drift av fastmontert kamera ved Bondhusbreen - GeoMonitor og UIB - Folgefonna nasjonalpark**

### **Framlegg**

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48, gir Folgefonna nasjonalparkstyre løyve til montering og drift av kamerarigg på Fyndersdalsnuten i fem år, 2018 – 2022. Vilkår for løyvet:

- Tillating gjeld i første rekke fra d.d. til 31.12.2022
- Om prosjektet vert avslutta skal alt utstyr på installasjonen fraktast ut av området så snart som råd
- Tiltakshavar står ansvarleg for opprydding av installasjonen ved øydelegging, opphør av drift mv.

For helikopterløyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 28.november 2017 – 1. mai 2018
- Løyvet gjeld for GeoMonitor AS, ved Eivind Susort
- Løyvet gjeld for flyging og landing i Folgefonna nasjonalpark
- Tal turar: 1, trasé: Bondhus - Fynderdalsnuten
- Løyvet gjeld transport av utstyr til installasjon
- Før køyreturen skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post [olaf.bratland@miljodir.no](mailto:olaf.bratland@miljodir.no) eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok som viser dato, kørerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før turen begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31.desember 2018** Merk med referanse: 2017/13918. Send gjerne på e-post til:  
[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

## **Om søknaden**

GeoMonitor AS ved Eivind Susort søkte ved brev 14. november 2017 om å etablere og drifta eit fastmontert kamera for å overvake Bondhusbreen.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og GeoMonitor AS. Føremålet med prosjektet er å ta bilete av brearmen Bondhusbreen for dokumentasjon og for formidling. Bileta vil bli brukt til forsking og undervising ved Universitetet i Bergen og til formidling ved Folgefonsenteret.

Det søkast om løyve til å sette opp ein kamerarigg ved Bondhusbreen. Riggen vil bestå i eit fjellfundament som borast fast i fjellet, eit kamera og eit solcellepanel for energitilgang. Bileta vert overført i sanntid for visning i ein webportal. Kamerarigg vil plasserast på ein måte som er lite synleg for folk som går i området. Tiltaket vert også merka med kontaktperson i GeoMonitor for eventuelle spørsmål eller andre førespurnader.

Det blir også søkt om å fly ein helikoptertur med utstyr om det skulle vise seg at det trengst for å gjennomføre tiltaket. Flytidspunkt: Trasé: Bondhus – Fyndersdalsnuten.

**Vedlegg 1:**  
Eksempel bilder av installasjon



Figur 1: Eksempel på GeoMonitor kamerarigg



Figur 2: Eksempel på GeoMonitor kamerarigg



Figur 3: Fjellfundament for kamerarigg

## Tilhøve til gjeldande planar og lovverk:

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark

I følge Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark

Føremålet med å verne Folgefonna nasjonalpark:

- «*ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggende område med fjell og bre*
- *ta vare på verdfull vassdragsnatur*
- *sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar*
- *sikre viktige geologiske førekomstar*
- *sikre verdfulle kulturminne*

*Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.»*

Området er verna mot alle fysiske inngrep og varige installasjoner, jf § 3 i verneforskrifta.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er den best eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Om det ikkje er direkte heimel i verneforskrifta til å gjennomføre eit tiltak må tiltaket heimlast etter § 48 i naturmangfaldlova. Etter § 48 i naturmangfaldlova kan forvaltingsstyresmakta gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

### **Vurdering av saka:**

Det er ikkje opna for å kunne setje opp varige installasjoner til forsking i verneforskrifta og tiltaket må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved å setje opp ein varig installasjon og bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følge Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av installasjonane (databasane er sist sjekka 17.11.2017). Forvaltaren meiner difor at kunnskapsgrunnlaget er godt, og § 9 om føre-var prinsippet vil difor ikkje bli tillagt vekt i saka.

Ein skal vurdere alle tiltak opp mot samla belasting i området jf. § 10. Forvaltaren meiner tiltaket med dei vilkår som er sett i løyvet, ikkje vil føre til at den samla belastinga blir for stor i området. Dette er ein liten kamerarigg som lett kan fjernast frå området med minimale spor etter seg om det skulle bli naudsynt.

Tiltakshavar står ansvarleg for å dekke kostnader ved miljøforringing jamfør § 11 i naturmangfaldlova. Dette gjeld forsøpling frå installasjonen og kostnader ved å rydde opp når prosjektperioden er over. Når det gjeld val av driftsmetode, teknikk og lokalisering av ein installasjon er det viktig å vurdere den metoden som er mest skånsam for naturmiljøet og tek vare på verneverdiane (nml § 12). Føremålet med prosjektet er å overvake ein brearm med sanntids biletoverføring. Bondhusbreen er ein kjent brearm der det er biletmaterialer frå langt tilbake om korleis breen har bevegd seg. I tillegg er det ein av dei mest besøkte brearmane på Folgefonna og såleis eit område som mange har eit forhald til. Sidan tiltaket er lite, kan reverserast og ikkje vil ha nemneverdig innverknad på verneverdiane ser vi det ikkje som naudsynt at tiltakshavar greier meir ut om alternative plasseringar.

### **Konklusjon**

Forvaltar meiner at tiltaket ikkje vil påverke verneverdiane i vesentleg grad eller strider i mot føremålet med vernet og at det difor kan opnast for å gje eit løyve. Sidan tiltaket kan auke vår kunnskap om prosessane som styrer isbreen og formidle dette til eit vidt publikum meiner vi at det er eit tiltak som kan vere med å fremje verneverdiane. Det er søkt om å setje opp ein kamerarigg utan nokon tidshorisont. For å gjere handhevinga av løyvet enklare tilrår vi å gje løyvet ein avgrensa tidshorisont på fem år, med føresetnad om at det vil bli gitt løyve om prosjektet blir vidareført etter 2022 og det framleis viser seg at det ikkje har negativ påverknad på verneverdiane. Forvaltaren tilrår difor at det vert gjeve løyve til tiltaket med visse vilkår. Det er også tilrådd å gje løyve til ein helikoptertur for å frakte naudsynt utstyr til installasjonen.

| Verneområde                                     | Skildring   | Søkt om        | Førebels tildeling,<br>29.05.2017 | Brukt (eks.<br>mva)<br>pr. 17.11.2017 | Info  |
|---|---|----------------|-----------------------------------|---------------------------------------|---|
| <b>TILTAK DET VAR SØKT OM MIDLAR TIL I 2017</b> |   |                |                                   |                                       |   |
| Folgefonna NP                                   | Forprosjektering innfallsport Etne  |                |                                   |                                       |   |
|   | <i>I tråd med besøksstrategi (under arbeid) vil Folgefonna nasjonalparkstyre vere med å tilrettelegge for ein innfallsport/utsiktspunkt for Folgefonna i Etne. Forprosjektering vil gå ut på å planlegge kor eit slikt informasjonspunkt skal ligge og planlegge utforming og gjennomføring av tiltaket</i> | <b>50 000</b>  | 50 000                            | 20 000                                | Brukast på landskapsarkitekt på Langfoss                          |
| Buer LVO  | Benker og bord ved innfallsport Buer  |                |                                   |                                       |   |
|   | <i>Innfallsport Buer opplever stor auke i tal besøkande og det er ønskjeleg å tilrettelegge med bord og benkar for dei besøkande nede i sjølve Buer. I tråd med besøksstrategi (under arbeid)</i>   | <b>70 000</b>  |                                   |                                       | Fekk pengane i fjer   |
| Bondhusdalen LVO                                | Reparere bru ved Sandarvollen   |                |                                   |                                       |   |
|   | <i>Brua på Sandarvollen treng rek verk etter ein flaum</i>  | <b>10 000</b>  | 10 000                            |                                       | Fått søknad frå Bondhus grunneigarlag på 10000, ventar på faktura |
| Folgefonna NP                                   | Hengebru over Skrelet   |                |                                   |                                       |   |
|   | <i>Innfallsport Ullensvang, Buførevegen har behov for eit infrastrukturtiltak ved ei bru for å kunne gje gåande eit godt alternativ for å kome inn på stien frå Reiseter. Tiltaksmidlane vil dekke brukar og fundamentering.</i>  | <b>15 000</b>  | <b>15 000</b>                     | 15 000                                | Gjennomført på SNO sitt budsjett                                  |
| Buer LVO  | Utbetring av sti til Buerbreen  |                |                                   |                                       |   |
|   | <i>Stien til Buerbreen er mykje brukt (over 20 000 besøkande kvart år). Nokre parti av stien er vanskeleg å forsera og andre parti er sterkt</i>  | <b>100 000</b> |                                   |                                       | Ikke gjennomført, ventar på godkjenning frå grunneigar            |

| Verneområde                        | Skildring  | Søkt om        | Førebels tildeling,<br>29.05.2017 | Brukt (eks.<br>mva)<br>pr. 17.11.2017 | Info  |
|------------------------------------|--|----------------|-----------------------------------|---------------------------------------|---|
|                                    | <i>prega av slitasje og treng tilrettelegging for å vere trygge.</i> |                |                                   |                                       |   |
| Hattebergsalen LVO                 | Reparere bru ved Fossberg  | <b>50 000</b>  |                                   |                                       | Grunneigar har fått 120 000 frå naturskadefondet og treng ikkje meir midlar i år  |
| Alle verneområda                   | Kartlegging av kulturminne   | <b>100 000</b> | 50 000                            |                                       | Ikkje gjennomført   |
| Alle verneområda                   | Kartlegge stislitasje  | <b>50 000</b>  |                                   |                                       |   |
| Alle verneområda                   | Besøksundersøking  | <b>50 000</b>  |                                   |                                       | Lova desse pengane til 2018 av MDIR   |
| Alle verneområda                   | Løveskilt  | <b>20 000</b>  | <b>20 000</b>                     | 20 000                                | Gjennomført på SNO sitt budsjett  |
|                                    |  |                |                                   |                                       |   |
| <b>TILTAK SOM HAR KOME SEINARE</b> |  |                |                                   |                                       |   |
|                                    | Ringverknadsanalyse av opplevingsbasert turisme på Folgefonnahalvøya | 50 000         | 50 000                            | 50 000                                | Gjennomført   |
|                                    | Plastring i Hattebergselva   | ?              |                                   | 30 108                                | Gjennomført. Spleislag mellom kommunen, Kvinnherad energi og nasjonalparkstyret.  |
|                                    | Gardshammarvegen - ras   | 118 000        |                                   | 118 000                               | Gjennomført. Hastetiltak.   |
|                                    | Granhogst Hatteberg  | 100 000        |                                   | 100 000                               | Frå fondet til besøkssenteret, restmidlar som må brukast opp. Ivar Blokkum har kome med tilbod og startar arbeid i februar. |
|                                    |  |                |                                   |                                       |   |
| <b>TILDELINGAR</b>                 |  |                |                                   |                                       |   |
| Frå Miljødirektoratet              |  |                |                                   |                                       |   |
|                                    | Tildelt til SNO  | 39 000         |                                   |                                       |   |

| Verneområde | Skildring                      | Søkt om | Førebels<br>tildeling,<br>29.05.2017 | Brukt (eks.<br>mva)<br>pr. 17.11.2017 | Info                                     |
|-------------|--------------------------------|---------|--------------------------------------|---------------------------------------|--|
|             | Tiltak i verneområde – pott    | 200 000 |                                      |                                       |  |
|             | Besøksstrategi                 | 50 000  |                                      |                                       | Bruk på ringverknadsanalyse              |
| På fond     |                                |         |                                      |                                       |  |
|             | Besøkssenter - Hogst Hatteberg | 100 000 |                                      |                                       | Må brukast opp eller sendast til<br>MDIR |
| SUM         |                                | 389 000 | 145 000                              | 353 108                               |  |
| REST        |                                | 389 000 | 244 000                              | 35 892                                |  |

Arkivsaksnr: 2017/3249-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 08.11.2017

| <b>Utval</b>                 | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
|------------------------------|------------------|-----------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 24/17            | 27.11.2017      |

## **Bestillingsmøte for tiltak i verneområda 2018 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå forvaltaren til drøfting i møtet.

### **Bakgrunn for saka**

Bestillingsmøte er ein formalisert prosess mellom forvaltingsstyresmakta og Statens naturoppsyn (SNO) lokalt. Prosessen har som føremål å sikre god dialog og føreseieleg prioritering av oppsynsinnsnsats og gjennomføring av dei tiltak i felt som SNO kan utføre. Vi vil prioritere innsatsen frå lokalt SNO for feltsesongen 2018. Til dømes treng vi SNO sin hjelpe til å setje opp og drifta brukarundersøkinga som skal gjennomførast i 2018.

Elektronisk søknadssenter (ESS) skal nyttast for innmelding av trøng for midlar til tiltak i verneområda. Frist for innmelding av tiltak er 10. januar 2018.

Tiltak som vert prioriterte framover må vere forankra i forvaltingsplan og besøksstrategi.

### **Forslag til tiltak 2018**

#### **Ferdselsteljarar**

Bestilling frå SNO/MDIR

## **Buer – Buerbreen og Reinanuten**

Grunnjeving: Trolltungaeffekten. Dobla parkeringskapasitet i 2017. Er Reinanuten den nye Trolltunga? Det kan vere vesentleg behov for tilrettelegging og avbøtande tiltak som følgje av det auka besøket. Vi må sjå kor mange som går dei to stiane og så kan vi lage eit forholdstal og bruke til å estimere kor mange som går i området basert på passeringar i parkeringsbommen i åra framover. Det største presspunktet i verneområda våre og forventa stor auke i besøkande.

## **Rosendal – Malmangernuten og Melderskin**

På desse toppane har vi tal frå turbøker tilbake til 1979. Tala viser ein sterk auke i dei seinare åra og turlaget som vedlikeheld stiane føler no tal registreringar ikkje speglar det reelle talet på turgårarar lenger, så det ofte er kø om å skrive seg i boka og mange let vere. Det er aukande slitasje på stiane til desse toppane. Stiane går i bratt terren og er sårbar for slitasje. Begge stiane har vore oppgradert på vanskelege parti med sherpatrappar, men det er viktig å få eit godt tal på besøkande, for besøksstrategi og framtidig planlegging og tilrettelegging.

## **Satsingsområde – restaurering av våtmarker**

Er det nokre aktuelle våtmarker i våre verneområde?

## **Fjerne framande treslag/framande artar**

Forvaltingsplanen har som mål å fjerne framande treslag inne i verneområda. Det finst ingen plan for det til no, eller oversikt over kva som må fjernast. Aktuelt tiltak er å lage ein kartlegging av framande tre og korleis dei kan hoggast med eit kostnadsoverslag. Vidare arbeid blir å sikre avtaler med grunneigarane, skaffe skjøtselsmidlar og finne ut kven som skal gjennomføre tiltak.

Fra: Kristin Sundal[kristin.sundal@miljodir.no]

Dato: 9. nov 2017 13:34:00

Til: Østereng, Geir; Kollstrøm, Rolf; Vistnes, Ingunn Ims; Salmila, Karoline; Blixgård, Asgeir; Birkeland, Ingve; Skjemstad, Oddrun; Benonisen, Rune; Barmoen, Magnus; Baardvik, Bjørn Morten; Etnestad, Hanne; Skansen, Ronny; Lamo, Torhild; Wika, Jannike Elise; Ingvaldsen, Inge Sollund; Rofstad, Gunnar; Grønmyr, Brit; Bach, Steinar; Tødås Tore; Haug, Astrid Alice; Berger, Marit Sophie; Thyrum, Kirsten; Børve, Lars; Bjurstedt, Carl Severin; Sørlie, Kristine; Øyjordet, Ingvild; Greverusten, Stein Magne; Sørensen, Raymond; Dalen, Bjørn; Sveen, Kari; Snøtun, Magnus; Ullring, Ulf; Liebe, Morten; Moen, Hege Sæther; Nystad, Ingvild Hansen; Nedrelo, Eldrid; Knagenhjelm, Maria Collett; Røyrvik, Alf Erik; Nornes, Anbjørg; Haavik, Astrid Bakke; Gulbrandsen, Jenny Marie; Sødergren, Guro; Odden, Alf; Haug, Jørn Trygve; Solstrand, Maria-Victoria; Buttingsrud, Trond Erik; Jaren, Hege; Peter C A Køller; fmtemj@fylkesmannen.no; Olsen, Monika; Nystuen, Hilde; Ødegaard, Ragnar; Strandli, Bjørn

Tittel: Bestillingsbrev for 2018

---

Vår ref.: 2017/12250

Vedlagt følger brev fra Miljødirektoratet. Brevet sendes elektronisk uten underskrift og skal betraktes som et originalt dokument. Papirdokument vil ikke bli ettersendt.

Vi ber om at offisielle svar og henvendelser til Miljødirektoratet gjøres til [post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no)

Vennlig hilsen

Kristin Sundal

konsulent, naturavdelingen



**Miljødirektoratet**

Telefon: 03400 / 73 58 05 00

Mobil: 913 62 087

E-post: [kristin.sundal@miljodir.no](mailto:kristin.sundal@miljodir.no)

[www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) - [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

| Innspill om ønsket SNO ressurs. (Sett inn nye linjer for hvert bestilte oppdrag)   |                                 |                                     |  |                             |                                   |  |                    |                   |
|--|---------------------------------|-------------------------------------|--|-----------------------------|-----------------------------------|--|--------------------|-------------------|
|  |                                 |                                     |  |                             |                                   |  |                    |                   |
| År:  |                                 |                                     |  |                             |                                   |  |                    |                   |
| Bestiller:   |                                 |                                     |  |                             |                                   |  |                    |                   |
| Verneområder   | Prioritet<br>(kategori 1, 2, 3) | Verneområde/innsatsområde/lokalitet | Forankring og beskrivelse av oppdraget | Anslått tidsbruk i dagsverk | Metodebeskrivelse evnt henvisning | Rapportering (rapportformat, lagringssted for rapp., egenskapsdata ol.). Stand. rap.verktøy som Verneomrdlogg, Artsobs, Natstat, anmeldelsesbase og Rovbase skal benyttes. | Rapporteringsfrist | Ansvarlig i SNO-L |
| Tilsyn/kontroll<br>Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)<br>Kartlegging/registrering/overvåking<br>(inkludert bevaringsmål)<br>Naturveiledning/informasjon |                                 |                                     |  |                             |                                   |  |                    |                   |

## D. Strategi for bruk av tiltaksmidler

Det overordna målet for forvaltning av verneområder er at verneformålet og verneverdiene i det enkelte verneområde skal ivaretas. I forslaget til statsbudsjett for 2015 (Prop.1S (2014-2015)) sies det slik:

*«Dei verna områda representerer store ressursar og høve til opplevingar, samtidig som dei sikrar naturverdiar og områda sin funksjon som leveområde for planter og dyr. God forvaltning i desse områda som byggjer opp under verneformålet slik at verneverdiane ikkje blir reduserte eller øydelagde som følge av inngrep eller bruk som ikkje er berekraftig er ein føresetnad, både for å ta vare på dei økosystema som er sikra for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane no og i framtida».*

Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal sammen med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene. Postbeskrivelsen for post 1420.31 Tiltak i verneområde gir de ytre, formelle rammene for hvordan tiltaksmidlene skal disponeres.

Det overordnede målet er at tiltaksmidlene skal brukes slik at naturtilstanden i verneområdene bedres.

*Målet for tiltaksarbeidet i verneområdene er at andel truede verneområder skal reduseres til 20 % innen 2020.*

Rapportering av gjennomførte tiltak, rapportering av bruk av midler og dokumentasjon av resultater blir sentralt for å vurdere om målet nås.

De sentrale utfordringene for arbeidet med tiltak i verneområder kan kort oppsummeres slik:

- Andelen truede verneområder går ikke ned, på tross av styrket innsats. Et økt antall verneområder, men en stabil andel truede områder innebærer at antall truede områder har økt.
- Mange helt nødvendige restaurerings- og skjøtselstiltak er svært kostbare, særlig gjelder dette restaurering av våtmark og uttak av fremmede treslag som sprer seg aggressivt inn i og innen verneområder.
- Skjøtselstiltak i verneområder krever oppfølging over mange år. Allerede igangsatte prosjekter binder en stadig større del av tildelte midler, og begrenser

handlingsrommet. Å oppgi allerede igangsatt skjøtsel innebærer som hovedregel at investeringen går tapt.

- Vedlikehold av tilretteleggings- og informasjonstiltak (besøksforvaltningstiltak) binder tilsvarende som for skjøtselstak en stadig større del av tildelte midler.
- Et økt antall nye aktører er blitt forvaltningsmyndighet for verneområder og dermed også ansvarlig for bestilling og oppfølging av tiltak. Dette innebærer et stort opplærings- og informasjonsbehov. I tillegg vil det være en balansegang mellom de nasjonale faglige føringer for bruk av tiltaksmidlene og et ønsket lokalpolitisk rom for prioritering.
- Stor variasjon er et kjennetegn ved norsk natur, og et «typisk fylke» strekker seg fra hav til høyfjell. Å gi anbefalinger om valg av metodikk ved skjøtsel krever kunnskap om og kompetanse på svært mange ulike naturtyper. Det er stort behov for videre forskning og kunnskap- og kompetanseutvikling. Dette vil gi grunnlag for klarere anbefalinger/forutsetninger om metodikk fra Miljødirektoratet til forvaltningsmyndighet generelt og i konkrete saker.
- Fortsatt landbruksdrift og spesielt tilgang på beitedyr er viktig for skjøtsel av kulturbetingede naturtyper i verneområder. Avstand mellom verneområde og gårdsbruk med beitedyr er en kritisk faktor for å gjennomføre skjøtsel i mange verneområder
- Overvåking av tilstand og overvåking av effekten av gjennomførte tiltak må skaleres opp.

### Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler

Nedenfor gis en oversikt over hvilke prioriteringer som vil bli fulgt ved fordelingen av tiltaksmidlene til skjøtsel og besøksforvaltning. I tillegg er det noen andre faktorer som også vil ligge til grunn for prioriteringene.

For å sikre at tiltak i verneområder gir størst mulig miljøgevinst og skjer på en mest mulig kostnadseffektiv måte, er det avgjørende at en har en god forvaltningsplan som basis jf. også postbeskrivelsen for post 1420.31. For nasjonalpark- og verneområdestyrene som er i gang med en forvaltningsplanprosess, skal en flerårig tiltaksplan ligge til grunn for prioriteringene.

Tiltak med formål om å redusere trusler skal være rettet mot den/de viktigste truslene i det aktuelle området..

For skjøtselsprosjekter gjøres følgende prioriteringer:

- Prioritet 1: Pågående skjøtselsprosjekter. Ramsarområder har høyeste prioritet.
- Prioritet 2: Tiltak i områder som er akutt truet og med behov for skjøtsel. Ramsarområder har høyeste prioritet.
- Prioritet 3: Tiltak i områder med identifiserte trusselfaktorer, men der det ikke er behov for akutte tiltak

For områder under prioritet 2 over er det ikke aktuelt å prioritere midler til besøksforvaltningstiltak før det er iverksatt tiltak mot trusselen/truslene og situasjonen er under kontroll. Et unntak fra dette er dersom forstyrrelse er trusselen og dersom problemet kan løses ved besøksforvaltningstiltak.

For besøksforvaltningstiltak gjøres følgende prioriteringer:

- Prioritet 1: Ferdigstilling av påbegynte tiltak som fremmer eller er nødvendige for å ivareta verneformålet.
- Prioritet 2: Tiltak i verneområder som har utarbeidet besøksstrategi som en del av forvaltningsplanen. I perioden 2014 – 2017 vil det bli prioritert midler til de fire nasjonalparkene (Hallingskarvet, Rondane, Jotunheimen og Varangerhalvøya) som er utvalgt som piloter for å utvikle besøksstrategier. Det vil være et årlig økende finansieringsbehov i pilotperioden.
- Prioritet 3: Tiltak i områder der det er akutt behov for å ivareta verneverdiene. Følgende prioritering skal legges til grunn i slike områder (i prioritert rekkefølge):
  - 1) Tiltak som ivaretar verneverdiene
  - 2) Formidling av verneverdier
  - 3) Tiltak for å fremme friluftslivet
- Prioritet 4: Etablering av første gangs informasjonstavler i områder hvor det er behov

Fylkesmennene tildeles et samlet beløp til vedlikehold av informasjonsmateriell, skilting m.v. For kommuner og nasjonalpark-/ verneområdestyrer meldes behov for vedlikehold inn gjennom bestillingsdialogen i tråd med tidligere praksis.

